Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kvås

Emne: Ard og plog.

Bygdelag:

Oppskr. av: Arne Skreståd

Gard:

(adresse): Førland, Kvinesdal

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Også etter det eldre folk har fortalt meg.

SVAR

1–12. Såvidt ein veit har ikkje arden vore i bruk her i bygda. Ein kan difor ikkje svara på noko av spørsmåla her.

13. Nå brukar ein berre fabrikkformidde plogar. Overgangen frå dei eldre typene var i tida frå 1890-åra og til kring 1910. Dei eldre plogane vart laga av utanbygds smedar. (i Laudal og Vigmostad.) Eg tykkjest hugsa ein nemnde ein gong 6–10 dalar.

14. Dei plogane som vart nytta, likna mykje på fig 8. Noko serleg namn har eg aldri høyrt. Veltefjøla var av jern, rektangulær og litt bøygd utover. Veltefjøl av tre har eg berre sett på ein plog frå Kallemo i grannebygda Høgebostad. Solen var av tre med jarnbeslag (plogjern) framme.

15. Om åkeren var sers feit og gjerne ville henga med veltefjøla, kunne plogkaren ha ein spade med. Oftast var då ein gutunge med og bar spaden som var ein vanleg åkerspade.

16. Plogen vart alltid vølt til veltefjølsida når ein køyrde attende.

17. Nei.

18. Nei. Ein køyrde molda frå nedre til øvre reina på åkeren.

1516

19. Djúpna på plogfåra var kring 4 tommar. Noko regulering for djúpna var det ikkje på dei eldre plogane. Det var fyrst i seinare tid det kom slepesko.
20. Såvidt ein kjenner til var det alltid ristill på plogen.
21. Nei.
22. Nei
23. Falkensteinplog er ukjend her.
Namn på dei einskilde delar av plogen er:
Veltefjøl, landsida, åsen, ristelen, plogjernet, (plogskjer) og sume kaller den delen av plogen der draget er fest, for beislet, og styret eller handtaket.

1516
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING